

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034, 1. gongs behandling

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for miljø, landbruk og areal (MLA)	53/25	27.05.2025

Saksbehandler	Journalpost
Geir Johan Groven	25/5894

Vedlegg:

Vedlegg 1. Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034.

Vedlegg 2. Temaplan for skogbruket 2020-2029, vedteke 03.11.2020.

Vedlegg 3. Oppmoding om å utarbeide hovudplan for skogsvegar, brev frå Statsforvaltaren i Innlandet, datert 28.02.2024.

Vedlegg 4. Revisjon av gjeldande Temaplan for skogbruket 2020-2029, vedtak MLA 28.05.2024.

Vedlegg 5. Oppstartsmelding, brev frå Nord-Fron kommune, datert 30.05.2024.

Vedlegg 6. Uttale frå Innlandet Fylkeskommune, datert 03.07.2024.

Kommunedirektøren legg saka fram for utval for miljø, landbruk og areal med følgjande

Forslag til vedtak:

Utval for miljø, landbruk og areal vedtek i tråd med forvaltningslova §37 å leggje Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034 jf. vedlegg 1 ut til høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist på fire veker.

Utval for miljø, landbruk og areal (MLA) 27.05.2025

Behandling i møte:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - AP 2, H 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

MLA - 53/25 Vedtak

Utval for miljø, landbruk og areal vedtek i tråd med forvaltningslova §37 å leggje Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034 jf. vedlegg 1 ut til høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist på fire veker.

Historikk i saka

Gjeldande Temaplan for skogbruket 2020-2029 blei vedteke av Nord-Fron kommunestyre i sak 105/2020, møtedato 03.11.2020 jf. vedlegg 2.

Statsforvaltaren i Innlandet oppmoda kommunane i brev datert 28.02.2024 om å utarbeide hovudplan for skogsvegar jf. vedlegg 3. Det største tiltaksbehovet i Nord-Fron når det gjeld skogsvegnettet er opprusting og ombygging av tidlegare bygde vegar, som i dag ikkje held tilfredstillande standard for tømmertransport med bil og hengar. Det er lite behov for nybygging av skogsbilvegar.

Jf. vedlegg 4 vedtok utval for miljø, landbruk og areal (MLA) i sak 47/2024, møtedato 28.05.2024, å revidere gjeldande Temaplan for skogbruket 2020-2029, kor hovudplan for skogsvegar implementerast i ny temaplan.

Nord-Fron kommune varsla oppstart av revisjonsarbeidet i brev datert 30.05.2024 jf. vedlegg 5, med frist for merknadar innan 30.06.2024. Ein mottok uttale frå Innlandet Fylkeskommune i brev datert 03.07.2024 jf. vedlegg 6.

Etter 1. gongs behandling i MLA blir saka lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Kommunedirektøren vil etter dette samanfatte høyringsuttalane, og leggje saka fram for 2. gongs behandling i MLA, før kommunestyret vedtek endeleg Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034.

Fakta

Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034 vil få status som temaplan til kommuneplanens arealdel.

Planen vil ikkje bli juridisk bindande, men legg føringar for andre planar som blir utarbeidd der skogbruket blir berørt. Planen skal gjelde for 9 år, men kan justerast etter behov.

Vurdering

Revisjonsarbeidet med ny temaplan har i hovudsak omfatta implementering av hovudplan for skogsvegar i gjeldande temaplan for skogbruket. Ein har i tillegg oppdatert dei andre delområda i temaplanen der det har vore behov for dette.

Innlandet Fylkeskommune hadde tre konkrete innspel til temaplanen i samband med oppstartsmelding jf. vedlegg 6:

Side 2 i uttale, 1. avsnitt: *Temaplanen omtaler eksisterende treslagsfordeling. Vi savner en vurdering av fremtidig treslagsfordeling, med tanke på dens betydning for biologisk mangfold. Videre om det kan i noen områder være aktuelt å konvertere fra bestandsskogbruk til selektive hogstformer.*

Kommentar: Innspelet er teke til etterretning, og innarbeidd i temaplanen under kapittel 5.1.2 og 5.2.

Side 2 i uttale, 6. avsnitt: *Utbedring og nybygging av skogsbilveger må avklares i forhold til kulturminneloven, slik at det ikke planlegges og gjennomføres tiltak som kan skade automatisk fredete kulturminner. Vi foreslår at vi går gjennom de konkrete planlagte tiltakene i forbindelse med høring av temaplan for skogbruket, med tanke på å peke ut hvilke vegstrekninger det må gjennomføres kulturminneregistrering i forkant av tiltak. Eventuelle krav om oppfylling av undersøkelsesplikten etter kulturminnelovens § 9 innarbeides i temaplanen.*

Kommentar: Innspelet er teke til etterretning, og innarbeidd i temaplanen under kapittel 7.1.4 og 7.2.

Side 2 i uttale, 8. avsnitt: *Dersom det planlegges nye skogsbilveger inn mot fylkesveg så må disse adkomstene avklares nærmere med samferdselsavdelingen i Innlandet Fylkeskommune.*

Kommentar: Innspelet er teke til etterretning, og innarbeidd i temaplanen under kapittel 7.1.4 og 7.2.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at MLA legg Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034 jf. vedlegg 1 ut til høyring og offentlig ettersyn, med høyringsfrist på fire veker.

Kommunedirektøren i Nord-Fron
Elin Sofie Fjeldberg